



Kinn kommune

# Kontrakt for tilgang til meirope bibliotek

**Velkomen som brukar av Florø folkebibliotek sitt meirope bibliotek!**

Denne kontrakten gir deg tilgang til Florø folkebibliotek sine lokale frå kl 07:00 til kl 22:00 på alle vekedagar. Tilbodet gjeld alle over 16 år. Personar under 18 år må i tillegg ha signatur frå føresette.

Biblioteket er eit offentleg rom og felle eigedom som skal vere til glede for alle. Du vert oppmoda om å halde ro og orden på det meirope biblioteket.

For å oppgradere lånekortet ditt til eit nøkkelkort for meirope forpliktar du deg til å overhalde:

- Vis omsyn til andre, spesielt ved arrangement i biblioteket.
- Hald ro og ta vare på biblioteket ditt. Det skal vere til glede og nytte for alle som brukar det. Rydd opp etter deg før du forlét biblioteket.
- Rett deg etter gjeldande lånereglar.
- Tilgangen er personleg. Du er ansvarleg for korleis kortet brukast, og du har ikkje lov å sleppe andre inn i meirope tid. – Unntak: Føresette kan ta med barn i meirope tid, men er ansvarleg for dei og må vere saman med dei medan dei er i biblioteket.
- Lokala må forlatast ved brannalarm, stengetid eller andre varslingar.

Når du loggar deg inn i det meirope biblioteket vil det bli registrert at du er der. Biblioteklokale er videoovervaka for at du skal føle deg trygg, og som vern av biblioteket sitt inventar og utstyr.

Bildeopptaka blir lagra i 7 dagar. Hærverk blir meldt til politiet og overvakningsmateriale vil då bli levert dei. Du vil bli stilt økonomisk ansvarleg for eventuelle øydeleggingar. Opphold i meirope bibliotek skjer på eige ansvar. Brot på kontrakten fører til at du misser tilgangen til meirope bibliotek.

Sjå meir informasjon på [kinn.kommune.no](http://kinn.kommune.no) og Facebook sida vår. Der legg vi også ut om vi må halde stengt for meirope.

Eg har lese kontrakten og aksepterar vilkåra:

Namn med blokkbokstavar: .....

Lånekort nummer: ..... (fyllast ut av biblioteket)

Fødselsdato: .....

Signatur: .....

Føresett si signatur: ..... (gjeld dei under 18 år)

Dato: ..... Legitimasjon: ..... (kryss av)